

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Administrasjonsutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Møterom 1322, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	15.02.2017
<b>Tid:</b>	10:00

Til dette møte har Silje Hjemdal meldt forfall. Roald Stenseide stiller som vara.

### Program:

Kl.1000 – 1015: Saksbehandling

Kl 1015 – 1200: Arbeid med revisjon av etiske retningslinjer

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Administrasjonsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Pål Kårbø  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/17	Godkjenning av møteprotokoll 15.11.16	2017/1130	
PS 3/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/17	Tilsette i HFK med innvandrarbakgrunn pr. nov. 2016	2014/22850	
PS 4/17	Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes	2016/4130	
PS 5/17	Årshjul 2017	2017/1130	
PS 6/17	Workshop - etiske retningsliner	2017/1164	
PS 7/17	Ymse		

**PS 1/17 Godkjenning av møteinnkalling**



Arkivnr: 2017/1130-2  
Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	2/17	15.02.2017

### Godkjenning av møteprotokoll 15.11.16

#### Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner møteprotokoll frå møte 15.11.16.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

1 Møteprotokoll 15.11.16

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5  
**Dato:** 15.11.2016  
**Tidspunkt:** 10:00 – 11:45

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Andersen	Medlem	YS-K
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Tore Johannessen	Medlem	LO-K
Pål Kårbø	Leiar	FL KRF/SP
Roald Kvamme	Medlem	A
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Irene Ness	Medlem	AKAD

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kari L. Bjørnsvik	Medlem	UNIO
Anne Gine Hestetun	Nestleiar	A

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Rune Stadsnes	Kari L. Bjørnsvik	UNIO
Kari Bernadini	Anne Gine Hestetun	A

---

**Merknader**

Administrasjonsutvalet ynskjer at det blir sett slutt-tidspunkt for møta.

---

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Geir Davidsen	HR-direktør
Johan J. Meyer	HR-sjef
Frode Mannsåker	HR-leiar
Svein Erik Røskeland	Seniorrådgjevar, HR
Karstein Oen	Seniorrådgjevar, HR
Bertil Søfteland	Leiar, fylkessekretariatet
Birte M. Aasen	Utvalssekretær

## Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 26/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 27/16	Godkjenning av møteprotokoll 05.09.16	2016/1896	
PS 28/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 15/16	Sjukefråvær HFK 2. kvartal 2016	2014/12154	
RS 16/16	Status inntak av lærlingar innan fylkeskommunen i rolla som opplæringsbedrift	2014/12694	
RS 17/16	Arbeidet med heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune	2014/12636	
RS 18/16	Orientering om årsbudsjett 2017/ Økonomiplan 2017 - 2020	2016/5571	
PS 29/16	Utnefning av arbeidsgruppe som skal gjennomgå gjeldande etiske retningslinjer	2014/23249	
PS 30/16	Ymse		

### **PS 26/16 Godkjenning av møteinnkalling**

#### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 15.11.2016**

##### **Vedtak**

Administrasjonsutvalet godkjenner møteinnkallinga.

### **PS 27/16 Godkjenning av møteprotokoll 05.09.16**

#### **Forslag til vedtak**

Administrasjonsutvalet godkjenner møteprotokoll frå møte 05.09.16.

#### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 15.11.2016**

Det var ingen merknader til møteprotokollen frå møte 05.09.16.

##### **Vedtak**

Administrasjonsutvalet godkjenner møteprotokoll frå møte 05.09.16.

### **PS 28/16 Referatsaker (meldingar)**

#### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 15.11.2016**

Referatsakene vart refererte.

Fylkesdirektør Ingrid Holm Svendsen orienterte kort om budsjett 2017.

##### **Vedtak**

Administrasjonsutvalet tar referatsakene til orientering.

**RS 15/16 Sjukefråvær HFK 2. kvartal 2016**

**RS 16/16 Status inntak av lærlingar innan fylkeskommunen i rolla som opplæringsbedrift**

**RS 17/16 Arbeidet med heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune**

**RS 18/16 Orientering om årsbudsjett 2017/ Økonomiplan 2017 – 2020**

**PS 29/16 Utnemning av arbeidsgruppe som skal gjennomgå gjeldande etiske retningslinjer**

**Forslag til vedtak**

1. Administrasjonsutvalet utnemner følgjande til å sitte i arbeidsgruppa som skal gå gjennom gjeldande etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette:
  1. \_\_\_\_\_
  2. \_\_\_\_\_
  3. \_\_\_\_\_
  4. ...
2. Administrasjonen stiller naudsynte sekretariatsressursar tilgjengeleg for arbeidsgruppa, og vil sørge for innkalling og avvikling av møte.
3. Arbeidsgruppa sitt forslag vert lagt fram for fylkestinget til avgjerd xx.xx.2017.

**Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 15.11.2016**

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram følgjande vedtak:

«Gjennomgang av gjeldande etiske retningslinjer vert sett opp som temabolk på neste møte i administrasjonsutvalet».

**Røysting:**

Pål Kårbø sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannens forslag til vedtak.

**Vedtak**

Gjennomgang av gjeldande etiske retningslinjer vert sett opp som temabolk på neste møte i administrasjonsutvalet

**PS 30/16 Ymse**

**Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 15.11.2016**

Leiar foreslår å flytte neste møte til tysdag 14. februar 2017.

Roald Kvamme (A) stilte spørsmål kring informasjon til tilsette knytt til skulebruksplanen.

**Vedtak**

Det oppsatte møtet i administrasjonsutvalet 16. februar 2017 blir flytta til 14. februar kl 0900 – 1200.

HR-direktør Geir Davidsen gjorde greie for prosessen kring dei tilsette som blir berørt av vedteke skulebruksplan. Omstillingsutval er oppretta ved den enkelte skule.

**PS 3/17 Referatsaker (meldingar)**



**Notat**Dato: 01.02.2017  
Arkivsak: 2014/22850-3  
Saksbehandlar: karoen\_

---

<b>Til:</b>	Administrasjonsutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Tilsette i HFK med innvandrarbakgrunn pr. nov. 2016**

Basert på tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) har Hordaland fylkeskommune dei siste åra utarbeidd oversyn over tilsette med innvandrarbakgrunn i HFK. Tala byggjer på første- og andre generasjonsinnvandrarar fordelt på to hovudgrupper av landbakgrunn; Landgruppe **A** som utgjer innvandrarar frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand, Landgruppe **B** som utgjer innvandrarar frå Asia, Afrika, Latin- og Sør Amerika, Oseania med unnatak av Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS.

Dei siste tala frå SSB er frå november 2016 og syner at det er 330 tilsette med innvandrarbakgrunn i HFK. Dette utgjer 7,5 % av totalt tilsette i fylkeskommunen, ein auke på 0,6 % frå kartlegginga i 2014. Dei fordeler seg med 191 (236) tilsette i opplæringssektoren, 54 (49) i tannhelsetenesta og 85 (30) i fylkesadministrasjonen inkl. Skyss, Bybanen Utbygging samt Eigedom –drift/reinhald (tala i parentes er frå 2014). Det har vore ein markant auke for fylkesadministrasjonen og nedgang i opplæringssektoren noko som skuldast overføring av reinhaldstenesta frå skolane til eigedomsavdelinga.

Ser vi på fordelinga etter landbakgrunn er det 192 tilsette frå landgruppe **A** og 138 tilsette frå landgruppe **B**. Talet på tilsette frå gruppe **B** («ikkje vestlege land») utgjer 3,1 % av total arbeidsstyrke i HFK. Dette utgjer ein nedgang på 0,4 % i høve til tal frå 2014.

Den sektorvise fordelinga etter landbakgrunn viser at 13,9 % av dei som arbeider i tannhelsetenesta har innvandrarbakgrunn. Ser vi kun på landgruppe **B** så utgjer dei 8,0 % (31 tilsette) av samla arbeidsstyrke i tannhelsetenesta, ein auke på 1,5 % frå 2014.

Tilsvarende tal for opplæringssektoren viser at 5,6 % av dei tilsette i opplæringssektoren har innvandrarbakgrunn, der dei frå landgruppe **B** utgjer 1,8 %. Og tal frå fylkesadministrasjonen m.m. (inkludert Skyss, Bybanen Utbygging og driftspersonale eigedom) viser at 14 % av arbeidsstyrken har innvandrarbakgrunn, kor 7,5 % kjem frå landgruppe **B** som er ein auke på 5,9 % frå 2014.

Talet på tilsette med innvandrarbakgrunn (gruppe A og B) har samla sett auka med 15 personar sidan kartlegginga i 2014, medan talet på tilsette frå landgruppe **B** har gått litt tilbake (20 personar) som utgjer ein nedgang på 0,4 % sidan 2014.



Arkivnr: 2016/4130-19

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	5/17	31.01.2017
Utval for opplæring og helse	20/17	07.02.2017
Administrasjonsutvalet	4/17	15.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017
Fylkestinget		07.03.2017

**Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes****Samandrag**

Hordaland fylkeskommune sin søknad til departementet om prosjektstøtte til etablering av produksjonsskule med internatdrift på Hjeltnes er avslått, og det verkar lite sannsynleg at det vert løyvd pengar til produksjonsskule i revidert statsbudsjett 2017. Statsråd Røe Isaksen har likevel på spørsmål i Stortingets spørjetime svart at det kan verte mogleg å søke om midlar i eit seinare statsbudsjett retta mot tiltak for auka fullføring, der produksjonsskule kan vere eit tiltak som kan få økonomisk stønad.

Fylkesrådmannen vil i 2017 prioritere arbeidet med å etablere produksjonsskule med statleg finansieringstilskot. Det er etablert ei prosjektgruppe som har ansvar for å drive dette arbeidet med det mål å få på plass statleg tilskot innan utgangen av 2017, med tidlegast start av produksjonsskule frå hausten 2018. Prosjektgruppa arbeider med utgangspunkt i den prosjektskissa for produksjonsskule som vart lagt fram for fylkestinget i oktober 2016 og vedtakspunkta som vart fatta i same fylkesting. Vidare vil prosjektgruppa vurdere korleis produksjonsskule skal plasserast organisatorisk.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at på sikt er ei vidare drift av Hjeltnes ikkje berekraftig med den aktiviteten som er igjen etter sommaren 2017. Skal denne aktiviteten vidareførast og eventuelt utvidast, må det etablerast ei stabil verksemd som dannar hovudgrunnlaget for drift av eigedomen. Etablering av produksjonsskule vil representere ei fast kontinuerleg drift av store deler av eigedomen som vil vere eit svært godt utgangspunkt for annan aktivitet. Samstundes er det naudsynt å sjå på korleis den fylkeskommunale eigedomen på Hjeltnes bør forvaltast framover. Fylkesrådmannen ser det som viktig at fylkeskommunal eigedom som har potensiale for andre føremål, vert selt eller avhenda slik at det ligg til grunn riktige incentiv og naudsynt handlefridom for utvikling.

Det er mange bygningar og mykje areal på Hjeltnes. I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 tilrår fylkesrådmannen ei mellombels drift med lågast mogleg kostnadsnivå. Samstundes er det naudsynt å gjere ei avklaring av kva bygningar og kva areal som skal nyttast vidare til produksjonsskule og anna undervisningsaktivitet. Fylkesrådmannen ser føre seg at den vidare fylkeskommunale aktiviteten konsentrerer seg om området rundt gardstunet.

**Forslag til innstilling**

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere

avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.

- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift med eit lågast mogleg kostnadsnivå og ei minimumsbemanning som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomene mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
- 4 Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.
- 6 Dersom det ikkje er på plass statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein enten skal starte produksjonsskule 100 % finansiert av fylkeskommunen eller om ein skal avslutte fylkeskommunal aktivitet og starte ein prosess med å selje/avhende eller pakte ut dei resterande eigedomane.

## Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.01.2017

### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift med eit lågast mogleg kostnadsnivå og ei minimumsbemanning som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomene mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om

gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.

- 4 Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.
- 6 Dersom det ikkje er på plass statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein enten skal starte produksjonsskule 100 % finansiert av fylkeskommunen eller om ein skal avslutte fylkeskommunal aktivitet og starte ein prosess med å selje/avhende eller pakte ut dei resterande eigedomane.

#### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.02.2017**

#### **Vedtak**

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 20.01.2017**

**Innleiing**

I Fylkestinget 04.10.2016 (Rullering av skulebruksplanen 2017-2030) vart det gjort slikt vedtak:

Fylkesrådmannen sitt alternativ 2 vert lagt til grunn med desse endringane: (...)

- *Hjeltnes vgs blir lagt ned. Anleggsgartnar og idrettsanleggsgfag (NA) og blomsterdekoratør (DH) vert lagt til Voss i tråd med rådmannens innstilling.*
- *Fylkeskommunen skal medverka til at det kjem på plass ei løysing med ny aktivitet i lokala til Hjeltnes VGS.*

Fylkestinget gjorde 05.10.2016 følgjande vedtak:

#### **Vedtak**

1. *Av tilrådingane frå moglegheitsstudiet på Hjeltnes vil Hordaland fylkeskommune prioritera produksjonsskule.*
2. *Produksjonsskule på Hjeltnes skal byggja på prosjektskissa "Produksjonsskule som tiltak mot utanforskap og fråfall i vidaregåande opplæring".*
3. *Det vert lagt til grunn ein prosjektperiode på fire år.*
4. *Det er ein føresetnad for oppstart at prosjektet får status som nasjonalt pilotprosjekt og får statleg tilskot på 9 mill. kroner eller meir per år i prosjektperioden. Hordaland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag vert i så fall om lag 5 mill. kroner årleg til drift. Oppstart av produksjonsskule føreset mindre investeringar i verkstader og bygg.*
5. *For å få på plass kvalitetssikra kunnskap om vilkår for produksjonsskuleverksemda og korleis produksjonsskule fungerer som tiltak mot fråfall og utanforskap, skal Rokkan-senteret gjennomføra ei brei kvalitativ og kvantitativ undersøking av moglegheiter og hindringar for produksjonsskular som tiltak både i sentrale strøk og i distrikta.*
6. *Dersom ein ikkje får innvilga søknad om støtte frå departementet, skal saka tilbake til politisk handsaming.*

Under budsjetthandsaminga for 2017 i fylkestinget i desember 2016 vart følgjande verbalforslag vedteke:

#### «Etablering av produksjonsskule i Ulvik

*Arbeidet med å redusera fråfall har høg prioritet, fleirtalspartia vil utvida tilbodet for utsette elevgrupper gjennom eit nytt tilbod om «produksjonsskule» i Ulvik. Gjennomføring av prosjektet vil krevja deltaking og tilskot frå sentrale mynde. Dette arbeidet vil få høg prioritet i 2017.»*

Hordaland fylkeskommune sin søknad til departementet om prosjektstøtte til etablering av produksjonsskule med internatdrift på Hjeltnes er avslått, og det verkar lite sannsynleg at det vert løyvd pengar til produksjonsskule i revidert statsbudsjett 2017. Statsråd Røe Isaksen har likevel på spørsmål i Stortingets spørjetime svart at det kan verte mogleg å søke om midlar i eit seinare statsbudsjett retta mot tiltak for auka fullføring, der produksjonsskule kan vere eit tiltak som kan få økonomisk stønad. Når det gjeld forskingsprosjekt retta mot produksjonsskule, har Rokkansenteret meldt at dei per i dag ikkje har fått gjennom søknad om midlar til å gjennomføre eit slikt prosjekt. Det kan likevel vere aktuelt å sikre forskingsmidlar allereie frå våren 2017.

Denne saka er fylkesrådmannen si oppfølging på punkt 6 i vedtaket frå fylkestinget 05.10.16. I dette ligg det at fylkesrådmannen vil sjå på korleis ein kan arbeide vidare med å få etablert produksjonsskule med statleg involvering og tilskot og samstundes bidra til annan aktivitet på Hjeltnes. Samstundes er det naudsynt å sjå på korleis den fylkeskommunale eigedommen på Hjeltnes bør forvaltast framover. Saka vil og ta opp eit scenario der ein ikkje får på plass statleg stønad til produksjonsskule i løpet av 2017.

## Bakgrunn

### Om dei fylkeskommunale eigedomane

Eigedomane er i hovudsak delt i tre område.



Foto Hjeltnes

#### Holmen

1. Inst i vika ligg det som vert kalla Holmen. På nordsida av fylkesvegen ligg eit omfangsrikt tun med hage, to bustadhus (Jakobstova og Isdalshuset) og i tillegg ei rekkje tilhøyrande bygningar som naust, løe, garasje og uthus. Vidare har eigedomen jordbruksareal og utmarksområde med støl. Rett ut i fjorden for tunet ligg Snauholmen (ikkje med på biletet over) som høyrer til eigedomen. Snauholmen er utan bygningar. I tett nærleik til tunet, men lenger inn, ligg gartneriområde med gartneri, kjølelager/lager, planert tomt og tilhøyrande undervisningsbygg.

#### Verkstad/anlegg

På sørsida av fylkesvegen for Holmen ligg undervisningsområde for anleggsgartnarfag med anleggshall, anleggsområde, garasjar, maskinverkstad og planteskule med veksthus.

#### Gardstun

Ca 1,5 km utover langs vegen frå Holmen på sørsida av vika ligg sjølv gardstunet. Her er undervisningsbygg, administrasjonsbygg, to internat, løe, stabbur og diverse uthus. I eller i tilknytning til gardstunet ligg 4 bustadhus. «Husmorbustaden» ligg ved internatet i tunet, medan «Gamlegarden» ligg i ytterkanten av tunet på nedsida av fylkesvegen. «Vesttun» og «Austtun» er to einbustader som ligg nokre hundre meter aust for sjølv gardstunet på oversida av vegen. Rundt gardstunet er det eit flott grøntanlegg/parkområde. Skulen paktar (leiger) jordbruks- og skogsareal. Til det pakta arealet høyrer også utmarksområde og støl. Stølsområdet ligg i Slondal på Mjølfjell i ytterkant av Hardangervidda.

### Fakta om eigedomen

- 275 dekar eigd areal; av dette 33 dekar fulldyrka
- 285 dekar pakta areal; av dette 96 dekar fulldyrka. Ein del av det pakta arealet vert framleigd til grasproduksjon, beite og andre føremål. I pakta areal inngår og ein støl
- Om lag 35 bygningar
- 5 bustadhus som for tida er leigd ut. To av desse er på festa grunn
- Ein fjellstøl (Slondalen)

### **Investeringsmidlar**

I førre økonomiplan var det sett av 20 mill. kr i investeringar til nytt gartneri. Av desse er om lag 4-5 mill. kr brukt til riving og opparbeiding av tomt. Fram til ei nærmare avklaring av kva aktivitet som skal vere på Hjeltnes, er desse midlane tatt ut av økonomiplanen. Dersom ein etablerer produksjonsskule og opprettar nytt fagskuletilbod, tilrår fylkesmannen at det vert løyvd investeringsmidlar til naudsynte tiltak.

### **Moglegheitsstudiet**

Fylkestinget vedtok i mars 2013 at det skulle gjennomførast eit moglegheitsstudie med tanke på å etablere anna bærekraftig aktivitet på Hjeltnes. Etter at dette studiet var ferdig i oktober 2015, har det vore jobba vidare i to hovudspor

1. Produksjonsskule
2. Annan næringsaktivitet

I tillegg har det vore søkt om etablering av eit nytt fagskuletilbod innan Lokal gastronomi. Denne søknaden vart ikkje godkjent av NOKUT hausten 2016, og det vert sendt ny søknad som svarar på NOKUT sine merknadar. Ny søknadsfrist til NOKUT er 1. mars 2017. Etablering av dette tilbodet vil mellom anna krevje investering i undervisningskjøkken dersom tilbodet vert lokalisert på Hjeltnes.

Etablering av produksjonsskule vil representere ei fast kontinuerleg drift av store deler av eigedomen som vil vere eit svært godt utgangspunkt for annan aktivitet. Samstundes er dette ei tiltak mot fråfall. Ein produksjonsskule på Hjeltnes vil mellom anna skilje seg frå Hyssingen produksjonsskule ved at elevane skal bu på internat.

I Danmark har ein eit breitt tilbod av produksjonsskular, og det er gode erfaringar med slike skular med internat. Dette er mellom anna grunngjeve med at enkelte i målgruppa for eit produksjonsskuletilbod har trong for å kome seg bort frå sitt daglege miljø for ein kortare eller lengre periode. Det finst ikkje liknande tilbod i Norge, og i så måte representerer dette eit nasjonalt pilotprosjekt. Det er og usikkert om det er grunnlag for eit produksjonsskuletilbod i Ulvik av det omfang som ligg i prosjektskissa dersom berre Hordaland vert rekrutteringsområde. Det har difor vore eit mål å få etablert ein produksjonsskule med statleg stønad frå hausten 2017. Til no har ein ikkje lukkast med å få på plass statleg medverknad eller finansiering.

Når det gjeld annan næringsaktivitet, har næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune arbeidd med Ulvik herad med å få etablert næringsaktivitet særleg knytt til området som vert kalla Holmen. Det har vore ein intensjon å sjå dette arbeidet i samheng med utvikling av produksjonsskule og fagskuletilbod. For å kunne konkretisere denne satsinga er det naudsynt med eit tett samarbeid mellom heradet og fylkeskommunen om dei fylkeskommunale tilboda og ei avklaring rundt areal og eigedomar. Ulvik herad har søkt næringsutviklingsmidlar til ei prosjektstilling som gjer at heradet kan arbeide meir målretta med dette. Fylkesrådmannen ser det som viktig at fylkeskommunal eigedom som har potensiale for andre føremål vert selt eller avhenda slik at det ligg til grunn riktige incentiv og naudsynt handlefridom for utvikling.

### **Status Hjeltnes**

Utover det vidaregåande tilbodet som vert lagt ned våren 2017, har skulen undervisningsaktivitet for vaksne (VO) innan gartnerfaget og fagskuletilbod innan arborist. VO-tilbodet er frå hausten 2017 vedteke administrert under VO-senteret på Voss gymnas medan fagskuletilbodet ligg under Fagskolane i Hordaland.

Begge desse tilboda er deltidsstudium som er basert på vekesamlingar over to år. Dette inneber at dei elevane/studentane som no følgjer desse tilboda, må ha eit undervisningstilbod ut våren 2018 for å kunne fullføre sine kurs. Tilboda kan verte gitt andre stader, men då må alternativ undervisningsstad avklarast innan juni 2017. Fagskuletilbodet innan arborist på Hjeltnes er det einaste i landet, medan VO-gartnarfaget er eitt av to tilbod i landet.

Sidan august 2016 har skulen hatt ein avtale med Ulvik herad om introduksjonsprogram for flyktningar. Vidare har skulen følgjande aktivitet når det gjeld oppdragsverksemd og andre oppgåver:

- Avtale med Ulvik herad om drift og vedlikehald av heradet sitt idretts- og badeanlegg i Holmen
- Sal av granplantar. Skulen er einaste produsent av granplantar på Vestlandet
- Sal av frukt og frukttre, planteskule
- Nordic Trøffel leiger areal (pakta areal) til dyrking av hassel med trøffelsmitte og stell av feltet. Dette er eit forsøk på om det går å dyrke trøffel i Norge.
- Hjeltnes har ansvar for eit klonarkiv (genbank) for eplesortar – ei samling av 110 eplesorter som gjennom tida har vore dyrka i Norge og som er gått ut av konvensjonell dyrking. Gjennom arkivet er Hjeltnes ein samarbeidspartner til Norsk genressurssenter (NIBIO)
- Maskinverkstaden - utfører reparasjon av eige utstyr og jordbruksmaskiner på oppdrag frå bønder i Ulvik.
- Kursverksemd innan hagebruk og anleggsgartnarfag

I opplæringssektoren sitt budsjett er det frå hausten 2017 ikkje budsjettert med driftsmidlar til Hjeltnes, men som følgje av arbeidet med produksjonsskule er det likevel tatt høgde for ei omdisponering av midlar i budsjettet for siste halvdel av 2017. I budsjetthandsaminga for 2017 er reduksjon av driftsutgifter til Hjeltnes eitt av tiltaka for å dekkje sektoren sin trong for innsparing. Ser ein bort frå undervisningsaktivitet, har Hjeltnes sitt nettobudsjett vore på om lag 8 mill. kr årleg dei siste åra.

## Vegen vidare

Fylkesrådmannen vurderer det slik at på sikt er ei vidare drift av Hjeltnes ikkje berekraftig med den aktiviteten som er igjen etter sommaren 2017. Skal denne aktiviteten vidareførast og eventuelt utvidast, må det etablerast ei stabil verksemd som dannar hovudgrunnlaget for drift av eigedomen. Etablering av produksjonsskule vil kunne representere ein stabil aktivitet som vil bere hovudtyngda av drifta og kunne danne grunnlag for annan undervisningsaktivitet og oppdragsverksemd. Etablering av produksjonsskule på Hjeltnes bør gjerast under føresetnad av statleg driftstilskot i samsvar med vedtaket frå fylkestinget i oktober 2016. Vidare vurderer fylkesrådmannen det slik at det ikkje er aktuelt å gjere investeringar i eigedomen før ein veit om det vert oppretta produksjonsskule. Både for å etablere produksjonsskule og nytt fagskuletilbod innan matfag vil det vere naudsynt med investeringar.

Fylkesrådmannen vil i 2017 prioritere arbeidet med å etablere produksjonsskule med statleg finansieringstilskot. I februar 2017 opprettar fylkesdirektør opplæring ei prosjektgruppe som har ansvar for å drive dette arbeidet med det mål å få på plass statleg tilskot innan utgangen av 2017 med tidlegast start av produksjonsskule frå hausten 2018. Prosjektgruppa arbeider med utgangspunkt i den prosjektskissa for produksjonsskule som vart lagt fram for fylkestinget i oktober 2016 og vedtakspunkta som vart fatta i same fylkesting. Vidare vil prosjektgruppa vurdere korleis produksjonsskule skal plasserast organisatorisk.

Det er mange bygningar og mykje areal på Hjeltnes. Det er difor naudsynt å gjere ei avklaring av kva bygningar og kva areal som skal nyttast vidare til produksjonsskule og anna undervisningsaktivitet. Det er samstundes tenleg å frigjere areal og bygningar som kan nyttast av andre, både av offentlege og private aktørar. Fylkesrådmannen tilrår at den vidare fylkeskommunale aktiviteten konsentrerer seg om området rundt gardstunet, men at ein må vurdere i kva grad verkstad- og anleggsområdet må behaldast med tanke på produksjonsskule. Særleg bustadhus og dei andre områda i Holmen må vurderast for sal. Vidare bør ein



vurdere å seie opp avtalane på areal som no vert leigde og eventuelt andre avtalar som ikkje er tenlege å vidareføre.

Parallelt med prosessen knytt til etablering av produksjonsskule ønskjer fylkesrådmannen å leggje til rette for annan næringsaktivitet. Det er truleg ikkje tenleg at fylkeskommunen eig dei areala som har potensiale for å kunne utviklast til næringsverksemd. Avhending og sal bør gjerast i dialog med Ulvik herad. Fylkesrådmannen er open for at eventuelle salsinntekter kan nyttast til investeringar til produksjonsskule eller fagskuletilbod eller til å etablere annan næringsaktivitet.

Alle bygningane og vedlikehaldet av areal på Hjeltnes er ressurskrevjande å drifte. Samstundes er det viktig at eigeodomen vert forvalta godt og er i god stand fram mot etablering av eventuelt produksjonsskule eller sal dersom det er aktuelt. Med tanke på budsjettsituasjonen er det naudsynt at dette blir gjort mest mogleg kostnadseffektivt. I høve til personalsituasjonen ligg det som premiss for produksjonsskule at alle stillingar ved etablering skal lysast ut.

Fylkesrådmannen tilrår ei mellombels drift med lågast mogleg kostnadsnivå i perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018. Når det gjeld administrasjon av eigeodomen og omsynet til dei tilsette, er det eit nærliggande alternativ for denne mellomperioden at Hjeltnes ligg under Nye Voss vgs.

#### Dette inneber:

- Elevane som er tatt opp på gartnar (VO) og arborist (fagskule) fullfører sine utdanningar på Hjeltnes. Det vert ikkje gjort inntak til Hjeltnes våren 2017. Undervisningsressursar til desse tilboda kan styrast av høvesvis VO-senteret på Voss gymnas og Fagskolane i Hordaland. I samband med etablering av produksjonsskule må det vurderast korleis desse tilboda skal vidareførast i Hordaland.
- Bygningar, uteområde og jordbruksareal skal haldast ved like.
- Internat og kantine vert ikkje bemanna.
- 250 % stillingsressurs til drift av gard og eigeodomar.
- 50-100 % stillingsressurs til kontor/administrasjon.
- 40-60 % stillingsressurs til reinhald.
- Oppdragsverksemd kan oppretthaldast i den grad den er finansiert av inntekter. Avtalar må vurderast med tanke på oppseiing i løpet av 2017.
- Stillingsressursar som ikkje er naudsynt i den mellombelse perioden, vert meldt som overtal.
- Aktiviteten vert konsentrert rundt gardstunet og verkstadorrådet i Holmen.

Dersom ein ikkje lukkast med ei tilsegn om statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein enten skal starte opp produksjonsskule på Hjeltnes finansiert av fylkeskommunen, eller om ein skal avslutte fylkeskommunal aktivitet og selje/avhende alle eigeodomane.

## **Oppsummering - Hjeltnes fram til våren 2018**

Fylkesrådmannen tilrår følgjande målsettingar for arbeidet knytt til Hjeltnes i perioden fram til våren 2018:

- I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som vert oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.

- I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt må dette handsamast som ei tilleggsføring i fylkestinget i mars 2018.
- I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift med eit lågast mogleg kostnadsnivå. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomen mellom anna med tanke på leggje grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med blant andre Ulvik herad.

Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun» som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.

- Areal som har langtidsleige, skal vurderast i høve til oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast med tanke på oppseiing eller vidareføring.
- Dersom det ikkje er på plass statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein enten skal starte produksjonsskule 100 % finansiert av fylkeskommunen, eller om ein skal avslutte fylkeskommunal aktivitet og starte ein prosess med å selje/avhende eller pakte ut dei resterande eigedomane.



Arkivnr: 2017/1130-1  
Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	5/17	15.02.2017

### Årshjul 2017

#### Forslag til vedtak


Administrasjonsutvalet vedtek årshjul 2017.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg  
1 Årshjul 2017





Arkivnr: 2017/1164-1  
Saksbehandlar: Johan J Meyer

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	6/17	15.02.2017

### Workshop - etiske retningslinjer

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak 14 juni 2016:

«Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner har oppmoda kommunestyra og fylkestinga i landet om å starte diskusjonen om korleis dei politiske organa kan medverke til å styrke dei tilsette sin yringsfridom (jfr. RS 13/2016). I denne samanhengen blir det og vist til Sivilombodsmannen si fråsegn datert 22.12.15.

Hordaland fylkesting er positiv til dette initiativet, og går inn for at dette blir eiga sak på neste fylkestingsmøte i Hordaland, herunder ein revisjon av fylkeskommunen sine etiske retningslinjer.

Eit innspel som og kan vurderast i denne samanhengen, er etablering av eit uavhengig fylkeskommunalt, evt. nasjonalt varslarombod».

I etterkant av møtet har den politiske leiinga satt fram ønskje om at dette arbeidet skal gjennomførast i første runde gjennom ein «workshop» - verkstad - i administrasjonsutvalet der dei tilsette også er representerte. Saka vert med dette sett på dagsorden for administrasjonsutvalet til behandling.

Som vedlegg til saka følgjer dei gjeldande etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune.

### Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
økonomi og organisasjonsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

# **Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune**

Hordaland fylkeskommune sine etiske retningslinjer skal bidra til god etisk praksis. Retningslinjene gjeld for folkevalde, fylkeskommunale representantar i styrer, råd og utval (saman «folkevalde»), og tilsette.

## **1 VÅRE VERDIAR**

Grunnverdiene til fylkeskommunen er «kompetent», «offensiv» og «i dialog». Dei etiske dimensjonane av grunnverdiene vert reflektert gjennom desse retningslinjene. I samsvar med desse verdiene skal ein tenkje og opptre etisk òg i høve som ikkje er direkte dekt av retningslinjene.

## **2 INTEGRITET OG MOGLEGE INTERESSEKONFLIKTAR**

### **2.1 Tillit og rettferd**

Fylkeskommunen forvaltar fellesskapet sine verdier med vekt på menneskeverd og likeverd, utøver offentleg mynde og yt tenester som er viktige for samfunnet, for verksemdar og for einskilde personar. Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal vere seg medviten samfunnsansvaret som følgjer med desse oppgåvene, og utøve dei på ein rettferdig og tillitvekkjande måte.

### **2.2 Openheit og ærlegdom**

Fylkeskommunen praktiserer openheit, slik at ålmenta kan gjere seg kjent med verksemda i fylkeskommunen og få innsyn i korleis fylkeskommunen utfører oppgåvene sine.

Informasjon som vert gjeven til ålmenta skal vere korrekt og objektiv.

### **2.3 Fagleg sjølvstende, objektivitet og integritet**

Tilsette skal sikre at arbeidet er tufta på verksemda si faglege sjølvstende, objektivitet og integritet. Dette vert gjort i samarbeid med kollegaer og leiarar og ved å leggje til grunn faglege kunnskapar og skjønn gjennom heile tenesteutøvinga.

### **2.4 Innkjøp og forretningsdrift**

Fylkeskommunen si forretningsdrift skal vere basert på god forretningsskikk, sikre at ein følgjer gjeldande lovar og reglar, og bidra til at fylkeskommunen når sine mål.

Alle innkjøp i fylkeskommunen skal gjennomførast i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar og fylkeskommunen sine retningslinjer for innkjøp.

Rammeavtalar med leverandørar skal ikkje nyttast av folkevalde og tilsette til privat bruk med mindre det er rabattordningar som er ålment tilgjengeleg for alle i fylkeskommunen på like vilkår. Dette gjeld òg folkevalde og tilsette sine næraste.

## **2.5 Gildskap og interessekonfliktar**

Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal ikkje opptre på ein måte som er eigna til å svekkje tilliten til at dei er upartiske. Ved tvil om gildskap skal spørsmålet takast opp, slik at næraste leiar eller det kollegiale organet ein er medlem av, tek stilling til spørsmålet.

Tilsette lyt unngå å kome i interessekonflikt i samband med eventuelt anna løna arbeid.

## **2.6 Gåver og andre fordelar**

Folkevalde og tilsette skal ikkje, korkje for seg sjølv eller andre, ta imot eller leggje til rette for å ta imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som kan vere eigna til, eller der givaren har hatt til formål, å kunne påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Folkevalde og tilsette må ikkje nytte stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre urettkomne fordelar. Dette gjeld òg i tilfelle kor desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Representasjon og liknande skal haldast innanfor vanlege og aksepterte normer for sosialt samvere. Om til dømes leverandørar tilbyr å folkevalde/tilsette å vere med på reiser og liknande, er det ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen dekkjer utgifter til reise og opphald, sjå også punkt 3.5 om åtfærd på reiser, arrangement o.a.

Dersom folkevalde og tilsette kjem opp i problemstillingar knytt til gåver m.m., skal spørsmålet leggest fram for næraste overordna.

# **3 PERSONLEG ÅTFERD**

## **3.1 Generelt**

Folkevalde og tilsette skal opptre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar fylkeskommunen sitt omdøme.

## **3.2 Teieplikt**

Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal overhalde lovpålagt teieplikt. Fortrulege opplysningar skal ikkje nyttast til eiga vinning eller skade for andre. Teieplikta gjeld òg etter at ein har avslutta tilsetjingstilhøvet eller vervet i fylkeskommunen.

Naudsynt kommunikasjon av sensitive opplysningar må ikkje skje på ein slik måte at uvedkommande kan få innsyn.

## **3.3 Lojalitet**

Arbeidsoppgåver o.a. skal utførast etter dei reglar og instruksar som gjeld for fylkeskommunen.

I tilfelle der ein uttalar seg i media, til tredjepersonar og liknande, utan at dette er omfatta av den einskilde sine arbeidsoppgåver, skal ein gjere det klårt at ein uttalar seg på eigne vegne. Ein skal ikkje gje opplysningar som er underlagde teieplikt eller gje opplysningar som vil vere i strid med



lojalitetsplikta som normalt gjeld i tilsetjingstilhøve. Lojalitetsplikten skal ikkje vere til hinder for den tilsette si utøving av sin yringsfridom, og innan sitt eige felt.

### **3.4 Fylkeskommunens midlar, verdiar og eigedelar**

Fylkeskommunen sine midlar, verdiar og eigedelar skal nyttast til arbeidsrelaterte føremål. Bruk er elles berre tillete viss det er i samsvar med gjeldande reglement.

Fylkeskommunen sin logo, brevhovud eller porto skal aldri nyttast i privat korrespondanse.

### **3.5 Reiser, arrangement o.a.**

Folkevalde og tilsette skal overhalde disse retningsliner når dei er på tenestereiser, kurs og andre arrangement. Sjå også punkt 2.6 om betaling for reise og opphald.

## **4 DIGITALE PLATTFORMAR OG SOSIALE MEDIUM**

### **4.1 Generelt**

Fylkeskommunen sine digitale plattformer, til dømes e-postkontoar, lagringssystem o.a., skal nyttast til arbeidsrelaterte føremål. Bruk elles til andre føremål er berre tillate dersom det er i samsvar med gjeldande reglement.

### **4.2 Sosiale medium**

Fylkeskommunen sine kontoar på sosiale medium skal utelukkande nyttast til å fremje fylkeskommunen sine offisielle syn, og skal ikkje nyttast til å fremje personlege oppfatningar.

Folkevalde og tilsette skal vere medviten si rolle i fylkeskommunen ved privat opptreden i sosiale medium. Punkt 3.2 og 3.3 om teieplikt og lojalitet gjeld også i forhold til sosiale medium.

## **5 VARSLING**

I Hordaland fylkeskommune er det ønskjeleg at ein arbeider aktivt for å hindre, og bidreg til å rette opp i, kritikkverdige forhold. Dette inneber mellom anna at tilløp til konflikt skal løysast så snart råd er og på lågast mogleg nivå. Viss det er aktuelt å varsle om kritikkverdige forhold i organisasjonen, skal fylkeskommunen sine retningsliner om varsling følgjast.

## **6 ANSVAR**

Folkevalde og tilsette har ansvar for å halde seg oppdatert om innhaldet i fylkeskommunens etiske retningsliner, samt ansvar for å byggje ein kultur som ivaretek retningslinene.

Alle personar i leiarstillingar i fylkeskommunen skal syte for at dei etiske retningslinene er kjende av medarbeidarane.

**PS 7/17 Ymse**